



Lindås kommune, rådmannen.  
Rådhuset -Kvernhusmyrane 41  
5100 ISDALSTØ

**Særutskrift av sak 2 frå møte i Samarbeidsutvalet/Skulemiljøutvalet (SU/SKMU) ved Myking skule 05.05.2014**

**Høyring Omstillings og utviklingsprogrammet for Lindås kommune**

«Korleis kan vi saman skape ein berekraftig kommune?»

*Kommunestyret slo fast 19.12.2013 at det er naudsynt å redusera driftskostnadene dersom ein skal sikre ein berekraftig utvikling for Lindås kommune. Difor vedtok kommunestyret at «det skal etablerast eit omstillingsprogram som omfattar heile den kommunale drifta. Dette skal skje i tett samarbeid med politisk leiing, dei tilsette og deira organisasjonar».*

**Programmet skal gå frå 2014 – 2017 og ta for seg følgjande område:**

1. organisering, tenestestruktur, tenestenivå, vurdering av konkurranseutsetting av tenester, Høyring omstillingsrutinar i HMT-systemet.

SU/SKMU drøfta framlegget og har følgjande merknadar:

I samband med uttale til «Strategisk plan 2014-18 – Ein skule i utvikling» (Sjå særutskrift av vedtak i SU/SKMU – Myking skule, 30.01.14, sak 4) – uttala SU/SKMU i kulepunkt 2 og 3 følgjande:

- *Nivået over skulane er for utydeleg og byråkratisk. Linja frå heimane til skuleeigar er for lang og kronglete å forhalda seg til, og fører til ansvarsfråskrivning i alle ledd: Linja frå heimane er no: skule-kontaktlærer- rektor-einingsleiar-fagsjef skule-rådmann-levekårskomite, kommunestyre). Me ønskjer oss eit skulekontor med ein skulesjef tilbake. Målsetjinga om «tettare på» (framlegget siste setn. s 4) har i praksis blitt til «lengre frå».*
- *Tenestenivået, - dvs. skulen, er viktigast for elevar og foreldre. Mest mogleg av ressursane må difor brukast innanfor skulane. Kommunenivået har fått mange fleire sjefar utan at dette har gjort skulen betre. Tvert i mot har dette gått ut over kvaliteten på undervisninga for di skulane har måtta betala for tre nye einingsleiarar.*

SU/SKMU sluttar seg elles til uttalen frå personalet og klubben ved skulen (sjå vedlegget).

Rett utskrift 02.09.2015

Nils Kvalvågnes  
(referent for SU/SKMU)

## VEDLEGG til uttale frå SU/SKMU Myking skule, - sak 2 frå møte 05.05.2014

### Til arbeidsgruppa for Omstillings- & utviklingsprogrammet 2014-17.

#### Stoda i dag:

Nivået over skulane er for utydeleg, kostbar og byråkratisk. Linja frå heimane til skuleeigar er for lang og krunglete å forhalda seg til, og fører til stor ansvarsfråskrivning.

Linja frå heimane er no:

-skule-kontaktlærer- rektor-einingsleiar-fagsjef  
skule-rådmann-levekårskomite, kommunestyre.

Me ønskjer oss eit skulekontor med ein skulesjef tilbake. Målsetjinga i den politisk vedtekne «Kvalitetsplanen for grunnskulen i Lindås» om «tettare på» har i praksis blitt til «lengre frå».

**Tenestenivået, - dvs. skulen, er viktigast for elevar og foreldre. Mest mogleg av ressursane må difor brukast innanfor skulane.**


Talet på leiarar PÅ avdelings-/tenestenivå (avd.sjefar/rektorar/styrarar) er om lag det same i 2014 som det var i 2006.

Talet på leiarar OVER tenestenivå har derimot auka kraftig, - frå 6 stk i 2006 til ca. 25 stk i 2014, -til ein meirkostnad per år på mellom 20 til 25 mill (løn, , kontorhald, kurs/konferansar/etterutdanning og reise/kost og andre driftsutgifter – a frå 0,8 til 1,5 mill).

Forholdstalet «overordna leiar / operativ leiar» var i 2006, 6 : 47, - dvs 1 overordna leiar per 8 tenesteleiarar(avd.sjef/rektor/styrar).

I 2014 er forholdet 25 : 48 dvs om lag 1 overordna leiar per 2 tenesteleiarar.

I tillegg til dei direkte kostnadane ved kvar overordna stilling kjem samarbeidskostnadar (tidstjuv) mellom desse nye leiarane og nivåa over/under (tidstjuven=ekstra møte, rapportering, planarbeid, utviklingsarbeid m.v. som operativt nivå må utføra for å «sysselsetja einingsleiarnivået»).



## Særleg om oppvekstsektoren:

Oppvekstsektoren har i dag 6 overordna leiarar mot 2 stk i 2006:

Desse er:

- fagsjef skule (= utøvande «skulesjef» på vegne av rådmannen – men utan mynde)
- fagsjef barnehage (=utøvande «barnehagesjef» på vegne av rådmannen-men utan mynde)
- 3 einingsleiarar for kvar sin ungdomsskulekrins – disponerer kvar sin 1/3-part «skuleeigarmynde»
- 1 einingsleiar barnehage – overordna driftsmynde for barnehagane
- 1 einingsleiar Læringsenteret og PPT-overordna driftsmynde

I skulesektoren er mykje av dei ekstra kostnadane med det nye einingsleiarnivået (mellom rådmannen/fagsjef skule og rektorane), finansiert ved å overføra administrasjonstid og driftsmidlar frå den einskilde skule til einingsleiarane, - noko som svekker skulen si daglege administrative og pedagogiske leining. I tillegg må rektorane/skuleleiarane delta i hyppige samtalar/møte med sin einingsleiar for å halda desse oppdatert på den daglege drifta, ( – i tillegg til sentrale skuleleiarsamlingar med den felles skulesjefadministrasjonen =fagsjef skule + dei tre einingsleiarane). Alle desse møta krev førebuing og etterarbeid som ein i stor grad slapp fram til organisasjonsendringa i 2007.

Lindås kommune hadde nokon av dei beste skulane og mellom dei beste skuleresultata i landet etter avslutta grunnskule fram til for berre få år sidan. (Sjå SSB oversikta nedanfor). No tyder mykje på at kommunen er inne i ein negativ spiral når det gjeld elevresultat etter 10-årig grunnskule. I samband med omorganiseringa til «einingsleiarmodellen» i 2007 vart det sett i verk ei rad tiltak og prosjekt for å heva «kvaliteten» på skulane, lærarane og undervisninga. Dette har etter vår meining gjort svært mange av dei som arbeider i skulane meir usikre og tvilande til eigen kompetanse, og skulane/rektorane mindre fokuserte på deira ansvar for å vidareutvikla skulen sine egne gode undervisningstradisjonar.

Indikator og nøkkeltal	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13
Grunnskolepoeng, gjennomsnitt (= summen av eksamensresultat og standpunktkarakter ved avslutn 10. klasse) Kjelde: SSB v/ <a href="http://www.skoleporten.no">www.skoleporten.no</a>	41,6	41,3	39,5	40,5	38,5

Sjå også: [http://kommunal-rapport.no/artikkel/best skuleresultater i baerum og lindas](http://kommunal-rapport.no/artikkel/best_skuleresultater_i_baerum_og_lindas)

Konklusjonen for å snu den dårlege utviklinga i grunnskulen(kommunen) etter 2007 må etter vårt syn bli:

1. Rektorane må få tilbake fullt ansvar for eigen skule, - pedagogisk, administrativt og økonomisk og ha ansvar for at skulen sin verksemdsplan legg rammer for det felles arbeidet med å utvikla skulen sin gode pedagogisk kompetanse.
2. Trygge lærarar med det solide og gode pedagogiske handverket tilbake i klasserommet.
3. Rangeringssystem som ikkje bidreg til at ein kvar elev kan kjenna glede og motivasjon av å gjera framgang bør ikkje brukast ovanfor enkeltelevar i (barne)skulen.
4. Rektorane, som etter opplæringslova § 9.1 er sett til å leia opplæringa ved sin skule, treng å kunna samarbeida direkte med ein kompetent skulesjef med skulesjefsmynde.

### **Tilråding til organisering:**

Den administrative linja i kommunen/grunnskulen må forenklast til:

Rådmann- Oppvekst/skulesjef –Rektor- (avd. leiar ved store skular).

Kvart leiingsnivå må ha delegert heilskapleg ansvar og MYNDE i høve sitt ansvarsområde.

### **Innsparing:**

Innsparingspotensiale i Oppvekstsektoren ca. 4 mill årleg.

Innsparingspotensiale om modellen og vert nytta for alle sektorane 20-25 mill årleg.

Det er då ikkje teke med effektiviseringsgevinst i den møteverksemda som dagens einingsleiarmodell genererer og som kommunen som organisasjon og kommunen sine innbyggjarar kan sparast for.

Innspelet er utarbeidd i samarbeid med dei tilsette og klubben ved Myking skule.

Personalmøte 10. og 17. mars 2014

Klubbmøte 10. og 17. mars 2014

Myking skule 18. mars 2014

Helsing

Kristine Lunde  
Vo og plasstillitsvald Utdanningsforbundet

Nils Kvalvågnes  
rektor